

Møtereferat

Administrativ styringsgruppe

Møtedato:	30.11.2018	Møtestad:	Møterom Haukedalen, Førde rådhus
------------------	-------------------	------------------	----------------------------------

Møtt	Ikkje møtt
Ole John Østenstad Øystein Høyvik Atle Fasteland Elin Enebakk Ellen Jensen Veronika Jaramris Huus Lise Mari Haugen Øyvind Bang-Olsen Kirstin Bruland Trond Ueland Helge Sæterdal Kurt Even Andersen Solveig Masdal Haugsvær	Torill Anita Segtnan Stian Jakobsen Marit Solheim

Møteleiar:	Ole John Østenstad	Møtereferent:	Malin Moldestad
-------------------	---------------------------	----------------------	------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 16.11.18 <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgått og godkjent 		
2	Gjennomgang av utgreiingar til organisering med frist 01.12.18 <ul style="list-style-type: none"> • Kort innleiing v/Ole John Østenstad • Stab og støtte v/Lise Mari Haugen • Flyktingar og integrering v/Atle Fasteland • Omsorg v/Kirstin Bruland • Helse og sosial v/Kurt Even Andersen • Kultur v/Trond Ueland • Teknisk og miljø v/Øyvind Bang-Olsen <ul style="list-style-type: none"> ○ Nye krav til bemanningsnivå på brann 		

3	<p>Diverse drøftingar knytt til innleiingane over</p> <ul style="list-style-type: none"> • Organisering av leiingsnivået under einingsleiar knytt til roller, fullmakter mv. er utfordrande <ul style="list-style-type: none"> ○ Den overordna administrative organiseringa, med seks kommunalsjefar, vart vald basert på prinsipp om nærleik til einingane og tydelege ansvarslinjer, organisering av einingane bør vere i tråd med dei overordna prinsippa <ul style="list-style-type: none"> ▪ Unngå hierarkisk organisering med fleire nivå og detaljert sektorinndeling ▪ Vi må tenkje heilskapleg, organiseringa skal ta omsyn til tilsette sine behov, men òg kva som er best for samfunnet og innbyggjarane ○ Det vert oppretta ei tverrsektorell arbeidsgruppe med mandat til å kome med forslag til overordna prinsipp for organisering av nivået under einingsleiar. <ul style="list-style-type: none"> ▪ Mellom anna kva kriterier som skal ligge til grunn for å opprette ei leiarstilling på dette nivået, kva oppgåver som skal ligge til stillinga og namn. ▪ Administrativ styringsgruppe drøfta samansetjing av arbeidsgruppa, OJØ tek endeleg avgjerd ▪ Arbeidet bør vere klart innan 15.01.19 • Ressursar <ul style="list-style-type: none"> ○ Det er eit ønskje om auka ressurs i fleire einingar, men utgreiinga/tilrådinga må ta utgangspunkt i eksisterande ressursar, resten vert avgjort gjennom økonomiplanarbeidet ○ Dagens ressursar legg føringar for ny kommune. Utfordringar knytt til manglande ressursar på område i kommunane i dag, vil følgje inn i Sunnfjord kommune ○ Utgreiing må skilje mellom tilråding basert på tilgjengelege ressursar og ønskje/behov. Eksisterande ressursar må vere tydeleggjort. • Drøftingsfrist 14.12.18 <ul style="list-style-type: none"> ○ Fristen for drøfting av organiseringa vert utsett, Jan Birger Moe utarbeider ein oppdatert framdriftsplan ○ Organisering av NAV er ein parallell prosess og treng raske avklaringar, drøfting vil skje 14.12.18 		
4	<p>Utlysing av kommunalsjef- og einingsleiarstillingar v/Ole John Østenstad</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utsett 		
5	<p>Besøk i einingane v/Ole John Østenstad</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nye einingsleiarar må avklare synfaring/besøk i einingar med eksisterande einingsleiarar og ny kommunalsjef på førehand. 		
6	<p>Oppfølging av arbeidet knytt til visjon, verdiar og leiingsprinsipp v/Ole John Østenstad og Anette Sollid</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utsett 		
7	<p>Leiarsamlingar 2019 v/Ole John Østenstad</p>		

	<ul style="list-style-type: none"> • Utsett 		
8	Bruk av kommunehusa v/ Ellen Jensen og Øystein Høyvik <ul style="list-style-type: none"> • Utsett 		
9	Lisenser og abonnement v/Annette Sollid <ul style="list-style-type: none"> • Utsett 		
10	Oppseiing av kommunearkivordninga v/Ellen Jensen <ul style="list-style-type: none"> • Frist for oppseiing er 31.12.18, treng ei avklaring <ul style="list-style-type: none"> ○ Konklusjon: kommunearkivordninga vert sagt opp innan 31.12.18 		
11	Administrativt prosessnettverk 07.12.18 <ul style="list-style-type: none"> • Atle Fasteland og Ole John Østenstad deltek 		
12	Vakansar <ul style="list-style-type: none"> • ØBO informerer om kartlegging av ressursar på reinhald, og oppmodar kommunane til å avvente med ev. tilsetjingar på dette området 		
13	PSU og fellesnemnda 12.12.18 <ul style="list-style-type: none"> • Orienteringar <ul style="list-style-type: none"> ○ SYS-IKL ○ Interkommunal klimaplan • Saker til handsaming <ul style="list-style-type: none"> ○ Lønspolitikk (PSU/fellesnemnda) ○ Møteplan 2019 ○ Felles ordensreglement ○ Skulerute ○ Delegeringsreglement – hovudprinsipp • Referatsaker <ul style="list-style-type: none"> ○ Notat frå Origod om VTA-plassar mv. 		

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.